

Kritisk avisoppslag om UFF

23.10.2010



UFF-containaren ved Gamleskulen

Også Uskedalen har no fått ein containar for UFF.
Organisasjonen får gjennom omsetnad
av brukte klede ein årleg inntekt på over 30 millioner kroner, opplyser
Vårt Land i eit stort oppslag i avisa.
I ein sterkt kritisk artikkel avdekker avisa trådar til eit system av selskaper
som dansk rett meiner er laga for å dekka over kva pengane eigentleg går til.

Ein norsk avhoppar uttaler at fellesskapet har kontroll med pengane deira og bestemmer kva dei skal gjera. Ein dansk avhoppar kallar Tvind-systemet ein pengemaskin.

Med til historia hører mellom anna dette:

*Eit luksuspalass til 10 millioner dollar ved
Stillehavskysten i Mexico.

*Studentar som meiner at dei arbeider under
slaveliknande tilhøve
for UFF medan dei er forespeila ei utdanning
til bistandsarbeidrar.

*170 norske kommunar som spelar på lag med UFF

og bidrar til vekst i både containarar og pengekasse.

UFF i Noreg avviser at dei er ein del av det omstridte Tvind-systemet
der ein sentral leiar i fjar vart dømd for skattesvik og underslag.
Tvertimot held dei fram at nordmenn gjennom sine bidrag hjelper fattige i den tredje verda.

Av Ola Matti Mathisen